

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: SNR - Sjukehuset Nordmøre og Romsdal, Hjelset -
Dato: 16.09.2024
Tidspunkt: 10:00 - 15:00

Til stades:

Namn

Paula Næss Skår	Leiar
Janne Remøy Endresen	Nestleiar
Per Øvermo	Medlem
Kai Knutsen Sivertsen	Medlem
Atle Tangen	Medlem
Lasse Alexander Honningsvåg	Medlem
Brit Harsem	Medlem
Bjørn Aske	Medlem
Odddrun Annie Stensø Nasvik	Medlem
Ann Helene Skare	2. varamedlem

Ikkje møtt:

Namn

Evy Svansemli	Medlem med forfall
---------------	--------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn

Ingrid Fiskerstrand	Stilling
---------------------	----------

Merknad i møte:

Reidun Helgheim Swan møtte som stadfortredar for pasient- og brukarombudet Hanne Haavde Stenseth

Paula Næss Skår og Janne Remøy Endresen deltar i styreseminar og styremøte HMR 17. og 18. september.

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
41/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
42/24	Orientering frå administrerende direktør Olav Lødemel
43/24	Referatsaker
44/24	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
45/24	Oppnemning til råd og utval
46/24	Styresak - Statusrapport 2. termin 2024
47/24	Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal
48/24	Status SNR - Sjukehuset Nordmøre og Romsdal med omvising
49/24	Eventuelt

41/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 41/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

- Brukarrepresentant Evy Svanemslie har meldt forfall til dagens møte.
- Første-vara Liv Johanne Ekornes kunne ikkje stille. Andre-vara Ann Helene Skare stiller på møtet.

Reidun Elin Helgheim Swan deltok i møtet via teams som stadfortredar for pasient- og brukarombud Hanne Haavde Stenseth.

Administrerende direktør måtte melde forfall til dagens møte grunna anna møte. Rekkefølga på saklista blei derfor noko endra.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste

42/24 Orientering frå administrerende direktør Olav Lødemel

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 42/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

Saken vart sletta.

43/24 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 43/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

Følgjande referat vart lagt fram for Brukarutvalet HMR:

1. Protokoll RBU 17.06.2024
2. Protokoll RBU 02.09.2024
3. Protokoll Brukerutvalget i HNT 20.06.2024
4. Protokoll styremøte HMR 19.06.2024

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende

44/24 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 44/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

Oversikt over råd og utval som medlemmene har deltatt på sidan førre møte i brukarutvalet.

	Namn	Deltatt
1	Skår, Paula Næss	<ul style="list-style-type: none">• 17.06.24 - Brukerutvalget HMR• 19.06.24 - Styremøte HMR• 13.08.24 - Internt forberedende møte til forhandlingsutvalget Helsefelleskapet - samhandlingsavtale• 23.08.24 - Internt forberedende møte til forhandlingsutvalget Helsefelleskapet - samhandlingsavtale• 26.08.24 - Arbeidsmøte til BU-møte• 27.08.24 - Møte i forhandlingsutvalget - samhandlingsavtale• 28.08.24 - Møte i forhandlingsutvalget - samhandlingsavtale• 05.09.24 - Møte i referansegruppe Ph.d-prosjekt• 06.09.24 - Brukerutvalgsmøte Strategisk samarbeidsutvalg (SSU)• 12.09.24 - Møte i forhandlingsutvalget - samhandlingsavtale
2	Janne Remøy Endresen	<ul style="list-style-type: none">• 26.08.24 - AU BU HMR – teams• 27.08.24 - KPU - teams• 02.09.24 - KEK, Molde – Fysisk• 03.09.24 - Faglig samarbeidsutvalg Barn og Unge – teams• 06.09.24 - LSU Volda, Sande kommune – fysisk• 13.09.24 - AIO, Utv. Gruppelederforum - teams
3	Per Sigbjørn Øvermo	<ul style="list-style-type: none">• 02.09.24 - Klinisk Etikk-komite
6	Atle Tangen	<ul style="list-style-type: none">• 18.06.24 - KEK, Vestnes• 02.09.24 - KEK, Molde sykehus• 30.08.24 - Kvalitetsråd Prehospitalt på Teams
7	Brit Harsem	<ul style="list-style-type: none">• Prosjekt "Behovsstyrt oppfølging ved revmatologisk poliklinikk"
	Ann Helene Skare	<ul style="list-style-type: none">• 03.09.24 - Helsefremmede og forebyggende arv gruppe• 05.09.24 - Kunstgruppe SNR• 06.09.24 - Brukerutvalg SNR

Vedtak

Ingen vedtak

45/24 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 45/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

Førespurnad frå **fagleg samarbeidsråd for Barn og Unge** - forslag til representant for ny periode frå 2025 og fire nye år.

Brukarane vart minna på om følgjande hendingar for hausten 2024:

- Samling til Regional Brukerkonferanse i Stjørdal 28.-29. november 2024 .
- Brukarutvalet sitt seminar i auditoriet på Ålesund Sykehus onsdag 26. september 2024.
- Eigenevalueringsskjema til brukarane vert sendt ut i oktober. Resultata vert gjennomgått i desembermøtet til Brukarutvalet.

Vedtak

Ny representant til fagleg samarbeidsråd for Barn og Unge må veljast etter nyttår når ny samarbeidsavtale er vedtatt.

46/24 Styresak - Statusrapport 2. termin 2024

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 46/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

Økonomidirektør Randi Myhre gav brukarane ein statusrapport for 2. termin 2024. Brukarane vart oppmoda til å stille spørsmål under presentasjonen.

Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa rundt statusrapport 2. termin 2024 til vitende.

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal er sterkt uroa for den økonomiske situasjon i helseføretaket og kva det vil bety for pasienttilbodet i fylket. Helseplattformen har påført helseføretaket store kostnader. Ein del av kostnadene er kompensert med ekstraløyvingar, men ikkje fullt ut.

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal ser med uro på økte ventelister, spesielt innan barne- og ungdomspsykiatrien. Brukarutvalet HMR forventar at arbeidet med å rekruttere nødvendig fagfolk intensiverast.

Helse Møre og Romsdal sine strakstiltak med 10-punktlisten er heilt nødvendig for å gi helseføretaket nødvendig verktøy til å redusere meirforbruket.

47/24 Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 47/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

Status innføring helseplattformen i Helse Møre og Romsdal vart presentert av prosjektleiar Henrik Erdal.

Etter innføring av helseplattformen er Helse Møre og Romsdal omtrent der ein skal være i forhold til aktivitet. Ingen alvorlige hendingar er registrert etter innføring av helseplattformen i Helse Møre og Romsdal. Det er innmeldt 5 saker til Statens helsetilsyn og 2 saker til statens strålevern.

Helsa Mi vil gi store positive endringar for innbyggjarane, men fremdeles står det litt igjen før ein er tilfreds med programmet.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

Brukarutvalet viser til medieoppslag og er svært uroa for tilbodet til kreftpasientar i Helse Møre og Romsdal.

Brukarutvalet føreset at rapportene frå datatilsynet blir fylgt opp for å hindre at tilsette får tilgang til meir informasjon i pasientjournalane enn det de har tenestleg behov for.

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal er særns nøgd med at HMR arbeider vidare med å forbetre HelsaMi

48/24 Status SNR - Sjukehuset Nordmøre og Romsdal med omvising

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 48/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

Prosjektleiar Ketil Gaupset gav brukarane ein status frå SNR-sjukehuset Nordmøre og Romsdal samt omvising på det nye sjukehuset

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende og takkar for ei fin omvising.

49/24 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 49/2024 i møte den 16.09.2024

Behandling

Brukarrepresentant Lasse Honningsvåg ber om å bli fritatt som brukarrepresentant i Klinisk Etikk-komitee KEK.

Vedtak

Brukerrepresentant Kai Knutsen går inn som representant for Lasse Honningsvåg i Klinisk Etikk-komitee.

Sekretær i brukarutvalet varslar Odd Erling Nordbrønd Vik om byttet.

